



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 05.06.2018
Tid: 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef, OS 79/18, PS 95/18 og PS 96/18
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef, OS 79/18
Berit Lyngstad	Personalsjef, OS 79/18
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service, OS 79/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef, OS 79/18
Rune Totland	Teknisk sjef, OS 79/18, PS 102/18 og OS 80/18
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, OS 79/18
Aina Øyehaug Opsvik	Barnevernssjef, OS 79/18
Heidi Istad	Planleggar, PS 97/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar, PS 98/18 og OS 81/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
OS 79/18	Arbeidssamling budsjett og økonomiplan 2019-2022
PS 93/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 94/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 95/18	Volda kommune - Tertialrapport 1 2018
PS 96/18	Finansrapportering 2018 - 1. tertial
PS 97/18	Kommuneplanen sin arealdel - vurdering av innspel
PS 98/18	Rettleiar for leike- og aktivitetsområde
OS 81/18	Barnetrakk med skuleelevar i Volda
PS 99/18	Symjebasseng i sentrum i Volda kommune – Analyserapport
PS 100/18	Gbr 19/546 Opsjon på kjøp av tomt
PS 101/18	Gbr 19/822 Tilbod om kjøp av eigedom Storgata 16
PS 102/18	Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena
PS 103/18	Orienteringssaker
OS 80/18	Klipping av gras og rydding på Leirhaugen til 17. mai
PS 104/18	Ruteendringsprosessen 2019
OS 82/18	Presentasjon KMD søknad om grensejustering – Bjørke
OS 83/18	Furene AS - Årsrapport 2017
OS 84/18	Gode Vegar AS – notat
OS 85/18	Sunnmøre Kulturnæringshage AS - Eigarmøte og generalforsamling 23 mai 2018
OS 86/18	Prosess om takstering av fergesamband Volda – Lauvstad



VOLDA KOMMUNE

- OS 87/18 **Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag - Ber om svar på brev vedk. nye takstar for buss, hurtigbåt og ferje frå 1. januar 2018. Sambanda Volda-Lauvstad og Årvik-Koparnes**
- OS 88/18 **Innbyggjarane langs Raudemyrvegen - Kommenterar til politisk handsaming - Utbygging Håmyra**
- OS 89/18 **Møre og Romsdal fylkeskommune - Større idrettsarrangement - Tilsagn om kulturtilskot til X2 Festivalen 2018**
- OS 90/18 **Politidirektoratets anbefaling om justering av politidistriktsgrenser som følge av kommune- og regionreformen**
- OS 91/18 **Voldsfjordkryssing**

OS 79/18 Arbeidssamling budsjett og økonomiplan 2019-2022

Saka vart handsama innleiingsvis i møtet.

Rådmannen og økonomisjefen orienterte. Formannskapet, leiar i tenesteval for helse og omsorg og rådmannen sitt leiarteam deltok i arbeidssamlinga. Utdanningsforbundet og fagforbundet var til stades under handsaminga av saka.

PS 93/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Ettersendte dokument 04.06.2018:

- Vedlegg til PS 97/18 – Ros-vurdering av forslag til nye utbyggingsområde pr. 04.06.2018.
- Ruteendringsprosessen 2019

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om å sette ettersendt sak, Ruteendringsprosessen 2019, på saklista.



VOLDA KOMMUNE

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 94/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 22.05.2018, vart samrøystes godkjent.

PS 95/18 Volda kommune - Tertialrapport 1 2018

Administrasjonen si tilråding:

1. Tertialrapport nr 1 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Skatteinntekt	-9 700 000		-9 700 000
Rammetilskot	3 600 000		3 600 000
Eigedomsskatt	-1 500 000		-1 500 000
Andre generelle statstilskot	1 849 110		1 849 110
Korrigeringar mot disposisjonsfondet	18 326 734	1 242 906	19 569 640
Personal og organisasjon		-250 000	-250 000
Økonomi	-250 000	-250 000	-500 000
Opplæring og oppvekst	1 200 000	-500 000	700 000
Helse og omsorg	-1 490 000	2 990 000	1 500 000
Service og kultur		-250 000	-250 000
Teknisk		1 350 000	1 350 000
Utvikling	-150 000		-150 000
Barnevern Volda		-1 000 000	-1 000 000
Kommunestyre skjema 1b:			0
Pensjon	-16 308 000	-900 000	-17 208 000
Havbruksfondet	-200 000		-200 000
Tilskot EM	-1 410 750		-1 410 750
Regulering mot "innsparingstiltak"		3 600 000	3 600 000
Sum budsjettendring	-6 032 906	6 032 906	0



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Økonomisjef, Kari Mette Sundgot, var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

3. Tertialrapport nr 1 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
4. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

BUDSJETTENDRING 1. TERTIAL 2018	Endring inntekt	Endring utgift	Netto endring
Skatteinntekt	-9 700 000		-9 700 000
Rammetilskot	3 600 000		3 600 000
Eigedomsskatt	-1 500 000		-1 500 000
Andre generelle statstilskot	1 849 110		1 849 110
Korrigeringar mot disposisjonsfondet	18 326 734	1 242 906	19 569 640
Personal og organisasjon		-250 000	-250 000
Økonomi	-250 000	-250 000	-500 000
Opplæring og oppvekst	1 200 000	-500 000	700 000
Helse og omsorg	-1 490 000	2 990 000	1 500 000
Service og kultur		-250 000	-250 000
Teknisk		1 350 000	1 350 000
Utvikling	-150 000		-150 000
Barnevern Volda		-1 000 000	-1 000 000
Kommunestyre skjema 1b:			0
Pensjon	-16 308 000	-900 000	-17 208 000
Havbruksfondet	-200 000		-200 000
Tilskot EM	-1 410 750		-1 410 750
Regulering mot "innsparingstiltak"		3 600 000	3 600 000
Sum budsjettendring	-6 032 906	6 032 906	0

PS 96/18 Finansrapportering 2018 - 1. tertial

Administrasjonen si tilråding:

Finansrapport for 1. tertial 2018 vert tatt til vitande.



Handsaming:

Økonomisjef, Kari Mette Sundgot, var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

Finansrapport for 1. tertial 2018 vert tatt til vitande.

PS 97/18 Kommuneplanen sin arealdel - vurdering av innspel

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet har vurdert liste over innkomne innspel til kommuneplanen sin arealdel, og ber administrasjonen konsekvensutrede innspel vist i tabell i vedlegg 1.

Handsaming:

Vedlegg til saka, Ros-vurdering av forslag til nye utbyggingsområde pr. 04.06.2018, vart ettersendt 04.06.2018.

Planleggar Heidi Istad orienterte.

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

I tillegg ber vi om vurdering av B3.

Odd Harald kom med slikt framlegg:

I tillegg ber vi om vurdering av BFT8.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen og framlegga frå Margrete Bjerkvik og Odd Harald Sundal, vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 05.06.2018:

Formannskapet har vurdert liste over innkomne innspel til kommuneplanen sin arealdel, og ber administrasjonen konsekvensutrede innspel vist i tabell i vedlegg 1.

I tillegg ber vi om vurdering av B3 og BFT8.

PS 98/18 Rettleiar for leike- og aktivitetsområde

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vedtek å sende dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» ut til høyring og offentleg ettersyn.

Handsaming:

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 05.06.2018:

Formannskapet vedtek å sende dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» ut til høyring og offentleg ettersyn.

OS 81/18 Barnetrakk med skuleelevar i Volda

Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte.

PS 99/18 Symjebasseng i sentrum i Volda kommune - Analyserapport

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.*
- 2. Alt. 1: Kommunestyret ber rådmannen å planlegge og innarbeide eit 12,5 m basseng knytt til Øyra skule i Budsjettet for 2019.*
- 3. Alt. 2: Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i*



VOLDA KOMMUNE

tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med 12,5 m breidde på 25 m bassenget.

- 3.1. Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.*
- 3.2. Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingsekspertise i arbeidet.*
- 4. Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.*
- 5. Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.*

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom punkt 2 og punkt 3 i tilrådinga frå administrasjonen. Punkt 3 (alternativ 2) fekk åtte røyster og vart vedteke og punkt 2 (alternativ 1) fekk 0 røyster og falt.

Tilrådinga frå administrasjonen, punkt 1, 3, 4 og 5, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek Analyserapporten frå Asplan Viak til vitende.*
- 2. **Alt. 2:** Kommunestyret ber rådmannen med bakgrunn i saksutgreiinga og analyserapporten frå Asplan Viak utarbeide romprogram og skisseprosjekt for eit nytt badeanlegg i Volda i tilknytt Campus Arena. Badeanlegget skal ta utgangspunkt i anbefalt program, men med 12,5 m breidde på 25 m bassenget.*
 - a. Ulike behov og løysingar skal utgreiast, og tilpasningar i høve til Campus Arena skal vurderast. Det skal gjerast faglege og kostnadmessige vurderingar og ein skal så langt råd er, avklare økonomisk medverknad frå andre. Ein ber om at m.a. problemstilling rundt bruk av stupetårn og 12,5 m breidde på bassenget vert vurdert.*
 - b. Rådmannen skal knyte til seg representasjon frå brukargruppene og nødvendig badfagleg rådgjevingsekspertise i arbeidet.*
- 3. 3. Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.06.19. I samband med planlegginga av idrettshallen, så føreset kommunestyret at tilrettelegging for påbygg av svømmehall og grensesnittet mellom desse to anlegga vert ivareteke.*



VOLDA KOMMUNE

4. *Kommunestyret vil vurdere utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.*

PS 100/18 Gbr 19/546 Opsjon på kjøp av tomt

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet tek til vitende at Volda turisthotell AS ynskjer å tiltre opsjonen gjeve i sak 117/14 og forlenga i PS sak 5/16. Rådmannen vert beden om å førebu sal av arealet.

Kommunen ynskjer ikkje å gje opsjon på areal utover dei vedtaka som er gjort.

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 05.06.2018:

Formannskapet tek til vitende at Volda turisthotell AS ynskjer å tiltre opsjonen gjeve i sak 117/14 og forlenga i PS sak 5/16. Rådmannen vert beden om å førebu sal av arealet.

Kommunen ynskjer ikkje å gje opsjon på areal utover dei vedtaka som er gjort.

PS 101/18 Gbr 19/822 Tilbod om kjøp av eigedom Storgata 16

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å kjøpe eigedomen Storgata 16, Gnr. 19, Bnr. 822 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 3.025.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Ordfører får fullmakt til å underskrive avtale knytt til kjøpet av eigedomen.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek å kjøpe eigedomen Storgata 16, Gnr. 19, Bnr. 822 i Volda kommune for ein kjøpesum stor kr. 3.025.000,-. I tillegg kjem kostnader knytt til kjøpet.

Ordfører får fullmakt til å underskrive avtale knytt til kjøpet av eigedomen.

Kjøpet vert å finansiere med låneopptak og rådmannen får fullmakt til å korrigere investeringsbudsjettet for 2018 i samsvar med vedtaket.

PS 102/18 Nytt investeringsprosjekt for prosjektering og seinare bygging av infrastruktur kring Volda Campus Arena

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre løyver kr 1 million til prosjektering og planlegging av infrastruktur som parkering, veg, vatn og avløp, kring Volda Campus Arena.

Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland møtte.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 05.06.2018 til kommunestyret:

Volda kommunestyre løyver kr 1 million til prosjektering og planlegging av infrastruktur som parkering, veg, vatn og avløp, kring Volda Campus Arena.

PS 103/18 Orienteringssaker

OS 80/18 Klipping av gras og rydding på Leirhaugen til 17. mai

Teknisk sjef Rune Totland orienterte om rutinar kring klipping av gras på kyrkjegardar og parkar.



PS 104/18 Ruteendringsprosessen 2019

Administrasjonen si tilråding:

1. *Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringsprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
2. *Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
 - *15. min avgang riksvegferjer*
 - *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
 - *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
 - *Kollektivtransport Ørsta/Volda-Hornindal-Stryn.*
3. *Formannskapet vil også peike på at i samband med den føreståande kommunesamanslåinga Hornindal og Volda , må kollektivtransporten mellom dei to kommunesentera vesentleg styrkast .*
4. *Formannskapet ber elles om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*
5. *Det vert til sist synt til kommunikasjonen for elevane mellom vidaregåande skule i Volda og Ørsta og kommunane på ytre Søre Sunnmøre (jfr. Vedlagde innspel frå Sande kommune). Ein ber om at det vert teke omsyn til det innspelet.*

Handsaming:

Saka vart ettersendt 04.06.2018.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 05.06.2018:

1. *Formannskapet viser til tidlegare saker om ruteendringsprosessen, og krev at ingen lokalruter vert endra til ugunst for lokalsamfunna.*
2. *Formannskapet viser også til sine tidlegare vedtak om:*
 - *15. min avgang riksvegferjer*
 - *Venterom og toalett ved bussterminalen i Volda sentrum*
 - *Utfordringar gjennomgåande ruter Møre og Romsdal/Sogn- og Fjordane.*
 - *Kollektivtransport Ørsta/Volda-Hornindal-Stryn.*
3. *Formannskapet vil også peike på at i samband med den føreståande kommunesamanslåinga Hornindal og Volda , må kollektivtransporten mellom dei to kommunesentera vesentleg styrkast .*
4. *Formannskapet ber elles om at det vert teke omsyn til innspela frå grendeutvala, slik dei kjem fram i saksutgreiinga i denne saka.*
5. *Det vert til sist synt til kommunikasjonen for elevane mellom vidaregåande skule i Volda og Ørsta og kommunane på ytre Søre Sunnmøre (jfr. Vedlagde innspel frå Sande kommune). Ein ber om at det vert teke omsyn til det innspelet.*



VOLDA KOMMUNE

OS 82/18 Presentasjon KMD søknad om grensejustering - Bjørke

OS 83/18 Furene AS - Årsrapport 2017

OS 84/18 Gode Vegar AS - notat

Formannskapet drøfta saka og var samde om å ikkje inngå ny avtale med Gode vegar AS.

OS 85/18 Sunnmøre Kulturnæringshage AS - Eigarmøte og generalforsamling 23 mai 2018

OS 86/18 Prosess om takstering av fergesamband Volda - Lauvstad

OS 87/18 Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag - Ber om svar på brev vedk. nye takstar for buss, hurtigbåt og ferje frå 1. januar 2018. Sambanda Volda-Lauvstad og Årvik-Koparnes

OS 88/18 Innbyggjarane langs Raudemyrvegen - Kommenterar til politisk handsaming - Utbygging Håmyra

OS 89/18 Møre og Romsdal fylkeskommune - Større idrettsarrangement - Tilsagn om kulturtilskot til X2 Festivalen 2018

OS 90/18 Politidirektoratets anbefaling om justering av politidistriktsgrenser som følge av kommune- og regionreformen

OS 91/18 Voldsfjordkryssing

Dagleg leiar for Voldsfjordkryssing AS, Odd A. Folkestad, informerte og viste film om prosjektet Voldsfjordkryssing.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 16:55

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
06.06.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent